



ADRESSELISTE

Vår ref.	Dykker ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
11/610-26		Monika Lysne	57 64 12 35	K2 - F77	17.10.2017

Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Lærdalsøyri - kunngjering av oppstart

Kommunestyret vedtok i møte 21.09.17 å starte ein planprosess for Detaljregulering av flaumsikring for Lærdalsøyri. I følgje ulike flaumkartleggingar, er det utan tvil at store delar av Lærdalsøyri er flaumutsett. Føremålet med planarbeidet er å gjere mest mogleg av bygningsmassen på Lærdalsøyri flaumsikkert, i tillegg til å vurdere utvikling av flaumverket til nytte for turgårar og laksefiskarar. Truleg vert planområdet avgrensa i løpet av planprosessen. Det skal gjennom planprosessen utarbeidast konsekvensutgreiing for utvalde tema, ROS-analyse, plankart og føresegner. Som grunnlag for arbeidet, skal det lagast eit planprogram som skal gjera greie for kva tema som er spesielt viktig i planarbeidet, og korleis dette skal utgreiaast.

Planarbeidet skal vera grunnlaget for å gå vidare med detaljprosjektering av flaumsikringstiltak. Slike tiltak kan vera heving av grunn, heving av veg, forsterking av eksisterande flaumvern, fjerning av massar i elva for å auke kapasitet, bygging av nye flaumvern osv. Det skal altså først utarbeidast ein reguleringsplan/detaljplan som gjer det juridisk mogleg å gjennomføre eit flaumsikringstiltak på bestemte areal. Deretter vert det utarbeida tiltaksplan, som er detaljprosjektering av sjølve tiltaket. Desse to prosessane må delvis gå parallelt for å kunne sikre regulering av rett areal.

Alle har moglegheit til å koma med innspel til planprosessen. Det er svært ynskjeleg med innspel om planarbeidet, og dette kan for eksempel vere innspel på kva tema som er viktig å få greia ut om gjennom planarbeidet (f.eks konsekvensar for anadrom laksefisk, friluftsliv, reiseliv osv). Då detaljprosjektering av tiltaket vil verte arbeida med parallelt med reguleringsplanen, er det også ynskjeleg med innspel som går på metodar for flaumsikring.

Det vil vera fleire høve til å koma med innspel til prosessen. Det vil ved fleire høve bli kalla inn til informasjonsmøter/drøftingar med berørde grunneigarar/lag/organisasjonar. I høyringsperioden vert det arrangert ope folkemøte. Det vil verta eigne dialogmøter med blant anna Lærdal Elveeigarlag og elveeigarane på berørd strekning. Det har vore arrangert eit møte med berørde grunneigarar langs elva tidlegare.

Reguleringsplanen vert utarbeida av Lærdal kommune, i tett samarbeid med NVE og andre faginstansar (innleigde tenester til konsekvensutgreiingar på utvalde tema).

Frist for innspel til oppstart av planarbeid er sett til 17.november 2017. Innspel skal vera skriftlege, og sendast til *Lærdal kommune, Planavdelinga, postboks 83, 6886 Lærdal* eller til epost: post@laerdal.kommune.no. Gjer dykk merksam på at alle skriftlege innspel til planarbeidet er offentlege dokument som vert tilgjengelege for offentlegheita. Alle innspel

vert lagt ved i den politiske handsaminga av saka. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål kring planarbeidet, sakshandsamar er arealplanleggjar Monika Lysne (tlf. 90516686/57641235, epost monika.lysne@laerdal.kommune.no).

Med helsing

Monika Lysne
arealplanleggjar